



## Framande skadelege planteartar i Surnadal

08.07.2015

### Bakgrunn

Spreiing av framande skadelege planteartar utgjer ein stor trussel mot naturmangfaldet, t.d. kan naturleg stadeigne artar bli utkonkurrert og utrydda. I Norge utgjer dette ein økologisk risiko som har gjort at miljøforvaltninga for tida har temaet høgt oppe på dagsorden. Surnadal kommune har i 2015 fått kr. 30 000 frå fylkesmannen i Møre og Romsdal til kartlegging av kjempespringfrø, parkslirekne og rynkerose. Desse tre planteartane står på Artsdatabankens svarteliste for karplanter og inngår i lista over artar som det fra 1. januar 2016 vil være forbudt å innføre, sette ut og omsette i Norge.

Kartlegginga i 2015 vil bli utført av iTrollheimen v/ Gørar Bolme og vil danne grunnlag for fjerning og avgrensing av forekomstar i regi av Surnadal kommune i åra framover.

### Kva kan du gjere?

- Grunneigarar og hageeigarar oppfordrast til å bekjempe artane. Dette må skje på rett måte for å hindre ytterlegare spreiing.
- Meld frå om større og mindre forekomstar av kjempespringfrø, parkslirekne og rynkerose til: [post@itrollheimen.no](mailto:post@itrollheimen.no)

## Kjempespringfrø *Impatiens glandulifera*



Arten er ein ett-årig storvokst art innført som prydplante på slutten av 1800-talet. Den finnast særleg i fuktig skog, våte enger, flaummark, vasskantar og veggrøfter, men veks og på tørrare område i vegkantar og nær busetnad. Planta er saftig og skjør med store blad, og får store rosa blomster frå juni til oktober. Ved berøring eksploderer modne frøkapslar og kastar frøa opptil 7 m får morplanta. Fortrenger lokal flora og bidrar til redusert artsdiversitet.

### Tiltak

Bekjemping bør settast i verk tidleg og helst før blomstring. Plante i full blomst kan allereie ha utvikla spiredyktige frø. Planter som har eller er i ferd med å utvikle spiredyktige frø skal leggast i tette søppelsekkar og fraktast til forbrenning.

### Luking

Små og middels store bestandar kan bekjempast ved luking. Arten har eit grunt rotsystem som gjer den lett å luke. Viss luking skjer før eller tidlig i blomstringsperioden kan plantene bli liggande på presenning på staden. Det er då



vikting at rota ikkje har kontakt med jord eller rennande vatn. Etter blomstring skal planter som er luka leggast i tette sekkar og sendast til forbrenning.

### Slått

På større førekommstar er slått egna for bekjemping. Slåtten utførast med gresstrimmar eller ryddesag. Plantene kan ligge på staden men skal ikkje ha kontakt med rennande vatn. Då planta skyt på nytt frå basis må tiltaket gjennomførast fleire gonger i sesongen.

### Sprøyting

Sprøyting kan være aktuelt på store forekomster men bør av hensyn til miljøet brukes i minst mulig grad. Skal skje i henhold til forskrift om plantevernmidler.

	Nærbilde av kjempespringfrø.
--	------------------------------

## **Parkslirekne *Reynoutria japonica* (tidl. *Fallopia japonica*)**



Vart tatt inn til Europa i 1825 som prydplante. Ein fleirårig storvokst staude som blir opptil to meter høg. På seinsommaren kan det kome klasar med små kvite blomster. Plantene dannar tette bestandar som raskt aukar i omfang og fortrenger lokale artar. Arten endrar naturmiljøet og dannar eit enormt strøfall som kveler det meste. Den overjordiske delen av planta døyr når frosten kjem om hausten, men dei bambusliknande hule stenglane er eit kjenneteikn gjennom vinteren. Om våren skyt nye skudd fram frå basis. Fragment av greiner og jordstengelen kan bidra til spreiling i løpet av vekstsesongen.

Jordstenglane kan vokse ned til 3 m djupne, og opptil 7 m frå morplanten. Parkslirekne veks oftast på ulike typer skrotmark, og elles i strandkanter, vegskråningar og på kulturmark i attgroing.



## Tiltak

Då parkslirekne sprer seg svært lett er den krevande å bekjempe. Å hindre spreiling er derfor det viktigaste tiltaket. Flytting av massar, hageavfall og kantslått er dei vanlegaste spreatingsårsakene. Oppgravde massar som er infisert av arten skal behandlast som spesialavfall.

### Nedkapping

Nedkapping er mest ideelt i område med store forekomstar. Tiltaket utførast mekanisk minst kvar fjerde uke frå mai til byrjinga av september og så nært bakken som mogleg. Det er svært viktig at planterestar ikkje blir spreidd, og at utstyret blir reingjort etter bruk. Planteavfall må samlast i søppelsekkar og leverast til forbrenning. Kapping må utførast over fleire år. Det er likevel tvilsamt om nedkapping aleine er nok til å fjerne arten. Bør kombinerast med sprøyting.

### Oppgraving

Der det er få planter kan desse gravast opp. Planterestene må ikkje ha kontakt med jord eller vatn og kan tørkast på ei presenning.

### Sprøyting

Av miljøomsyn bør sprøyting utførast i minst muleg grad, særleg langs vassdrag. Sprøyting vil likevel ofte vere nødvendig for å fjerne arten heilt. Sprøyting er mest effektivt i august og bør utførast då. Førekomsten må oppsøkast årleg i minst 3 år etter første sprøyting for kontroll. Ny sprøyting må gjennomførast om nødvendig. Tiltaket skal skje i henhold til forskrift om plantevernmidler.



Nærbilde av parkslirekne.



## Rynkerose (*Rosa rugosa*)

Rynkerose kjem fra Nordøst-Asia og vart tatt inn til Europa like før 1800-talet. Den har blitt planta som prydbusk i hagar, og er populær rundt anlegg og langs vegar med sine gode evner til å tåle salt, stressa miljø og snøbrøyting. I Norge vart den rapportert forvilla i 1940-åra. Rynkerose spreist på to måtar. Nypene blir spist av fugl, som kan bidra til å spre småfruktene lokalt eller over større avstandar. Spreiing med havstrømmar er viktigare for langdistanesespreiing. Nypene kan flyte i lengre tid i saltvatn og frøa kan være spiredyktige når dei blir skylt på land. Arten spreiar seg og vegetativt. Planta veks med rotskot horisontalt med tette kratt med ungskot i front. Lausrivne bitar av røter og stenglar kan bli frakta med sjøvatn og bidra til spreiing både lokalt og regionalt.

Rynkerose veks raskt, og den kan på få år danne store bestandar som fortrenger lokale artar, både vanlege og meir sårbare. Arten kan ta over dominansen totalt og kan stabilisere strender som er naturleg ustabile og gi ei nisje for fugl som ikkje naturleg hører heime i open strandvegetasjon. Rynkerose har blitt eit problem internasjonalt, og er rekna som ein av dei mest invaderande artane i Europa.



## Tiltak

Miljødirektoratet anbefaler følgjande metodar for bekjemping:

- Beite og slått i område kor beiting vore tradisjonell bruk.
- Oppgraving av nyestablerte mindre førekommstar / enkeltplanter.
- Mekanisk bekjemping (ryddesag og beitepussar) i område der rynkerose skal utryddast og det er uaktuelt med kjemisk behandling. Tiltaket skal være innleiande i område som seinare kan haldast vedlike ved tradisjonell drift eller anna skjøtsel, og i område kor utrydding av rynkerose ikkje er gjennomførbart, men målet er å halde bestanden nede og hindre vidare spreiing til nye område.
- Avfallet skal handterast på ein sikker måte. Det beste er levering til avfallsmottak til forbrenning.